


Årsmelding Voss sokn 2023



Soknerådet fram til november:

Faste medlemmer: Sigrid Haug, Torunn Eimstad, Arne Mosefinn, Cissel Norunn Erdal, Olav Trå, Christian Torsvik, Marta Øysteinsdotter Underdal, Bjørg Helland, Haldor Lid og Sigurd Langehaug

Varamedlemmer: Torbjørg Turvoll, Johannes Fagerland, Gerd Astrid Jordalen, Jon Farestveit

Presterepresentant: Torunn Eimstad

Sokneprest Hans-Christian Küspert

Representant til kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Arne Mosefinn

Bjørg Helland

Kasserar:

Nestleiar: Christian Torsvik

Arne Mosefinn Aider AS fører rekneskapen

Møteskrivar:

Soknerådet frå 1. november

Faste medlemmer: Randi Kløve, Bente Anita Kristiansen, Inger Sigh Petersen, Leiv Arne Mosefinn, Kari Bergsland, Kjellfrid Skutlaberg, Bjørg Helland, Anne Berit Berland, Christian Johannes Hansen Torsvik, Sigurd Langehaug

Varamedlemmer: Torbjørg Turvoll, Johannes Fagerland, Gerd Astrid Jordalen, Jenny Jordalen Haugo, Egil Lee

Presterepresentant:

Sokneprest Hans-Christian Küspert

Leiar: **Representant til kyrkjeleg fellesråd:**

Bjørg Helland Kari Bergsland

Nestleiar: **Kasserar:**

Randi Kløve Christian Torsvik

Møteskrivar: Aider AS fører rekneskapen

Kjellfrid Skutlaberg

Medarbeidarar i kyrkjelyden.

Desse har vore i løna arbeid i Voss sokneråd i 2023 gjennom Voss kyrkjelege fellesråd:

| | |
|----------------------------------|--|
| Svein Tøsse | Kyrkjevevje |
| Vibeke Lemme | Kontorleiar |
| Idunn Holen | Sekretær/arkivar (deltid) |
| Lene K. Printzlau Wiik Brunborg | Sekretær (deltid) |
| Randi Kløve | Redaktør, sekretær, vikar kyrkjetenar (deltid) |
| Astrid Gjestvang | Kantor |
| Frode Vik | Organist |
| Åshild Bøe Kharazmi | Trusopplæring/barnekor (deltid) |
| Rønnaug Skjeldal | Kateket |
| Camilla Velsvik | Kyrkjelydspedagog |
| Sigrd Djukastein Mala | Diakon (50% stilling) |
| Anja Slåtten | Diakonimedarbeidar (70 % stilling) |
| Thomas Velsvik | Kyrkjetenar |
| Ingrid Kløve-Graue | Sekretær (50%) |
| Hege Ukvitne | Arbeidsformann (50%) |
| Sunniva Måneulv Knudsen Sæterdal | Graver (50%) |
| Dan Berge | Graver |
| Vidar | Graver (frem til September) |

Prestane:

| | |
|------------------------|--|
| Arild Hellesøy | Prost |
| Hans-Christian Küspert | Sokneprest Voss sokn |
| Frode Kvamsøe | Sokneprest Evanger og Bolstad sokn |
| Arnulf Sandvik | Fungerande sokneprest for Oppheim, Vinje og Raundalen sokn |
| Vetle Leksbø | Ungdomsprest/kappelan |
| Anne Marthe Ulvik | Sokneprest Granvin sokn |
| Bengt Arvidsson | Prestevikar |

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har i 2023 hatt 10 møter og handsama 49 saker.

Første møte i januar var eit omframnt møte der soknerådet gav si innstilling til bispevalet i Bjørgvin. Ragnhild Jepsen og Nils Terje Lunde fekk fem røyster kvar frå Voss. Som kjent var det Ragnhild Jepsen som vart vald til ny biskop.

Vi feira Vossakyrkjemesse 21. mai med Olav den Heilage si kristningsferd på Voss i 1023 som tema. Vi starta med festgudstneste klokka 11.00 med etterfylgjande kyrkjekaffi utanfor kyrkja i det fine veret. Seinare vart det kveldsprogram med Astri Sudmann som fortalte om kristningsferda, historikar Torgeir Landro heldt eit fint foredrag om kristninga av Noreg og dei rettslege og sosiale endringane det førte til. Fine musikalske tonar avrunda det fine programmet.

Ragnhild Jepsen kom på vitjing 15. juni for vigsling av Vetle Leksbø til prest. Det vart ei fin stund i kyrkja og ved kyrkjekaffien i Vonheim etterpå.

Olsok, 29.-30. juli vart det arrangert ei vandring frå Folkedal til Voss, via Krossaset og Himle, for å markera kristninga av Vessene. Vandrainga vart arrangert av forskjellige lag og foreiningar, og kyrkja var med som medarrangør, særleg i høve festgudstenesta i Vangskyrkja den 30. kl. 1500 ved tidlegare prost Knut Knudsen.

Elles var førsommaren og hausten dominert av soknerådsvalet 11. september.

Mykje arbeid vart lagt ned av administrasjonen, soknerådet og andre frivillige og vi kom fint i mål. Det nye soknerådet hadde sitt konstituerande møte 19. oktober.

Av andre saker kan nemnast at soknerådet løyvde midlar til innkjøp av serveringsutstyr til Vonheim. Det er seniortreffa som vert meir og meir populære og det var trong til meir utstyr.

Misjonsnemda og Misjonsprojektet

Det samles inn i kirken til Misjonsprojektet, NMS sitt arbeid i Ethiopia.

Rundt 8 innsamlinger har det vært i løpet av året.

Misjonsfester

I mars hadde vi misjonssøndag, hvor Hans-Christian Kuspert hadde gudstjeneste med fokus på Madagaskar.

I Vonheim var vi samlet til festlig sammenkomst, hvor Inger fortalte fra tur til Ethiopia.

Og etterpå hadde vi basar. Godt fremmøte!

I oktober var vi en god flokk som var med på NMS sin 175-års jubileumsfest i Norheimssund.

Og hadde dermed ikke misjonssøndag på Voss.

Misjon og Mosjon / Misjon og Motivasjon

Vi har fortsatt med disse samlinger rundt 1 gang i måneden.

I sommerhalvåret har vi Misjon og Mosjon hvor vi går en fin tur i Vossaområdet og får misjonsinfo underveis. Og i vinterhalvåret har vi brukt samtaleheftet Use your Talents og får også misjonsinfo.

Der er innsamlet vel 60.000 kr til Misjonsprojektet. :-)

Hjertens takk til alle som er med i misjonsarbeidet på ulike vis!

For misjonsnemndet Inger Sigh Petersen

Trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.

Her vil Trusopplæringsdagar (T-dagar), konfirmantarbeid, samarbeid med barnehage og skule og det kontinuerlege barne og ungdomsarbeidet vera omtala.

I 2023 har me hatt denne bemanninga innafor undervising i Voss kyrkjelege fellesråd:

- Kateket Rønnaug Skjeldal (100 %),
- Kyrkjelydspedagog Camilla Margareta Velsvik (100%).
- Åshild Bøe Karazmi har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing, samt 20% fast stilling innan trusopplæring.

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i trusopplæringa.

Trusopplæringa har vore prega av noko sjukdom blant dei tilsette.

Me har gjennomført desse trusopplæringsdagane i 2023:

- Dåpsamtale og dåp. Starten på trusopplæringa (87 born frå Voss sokn vart døypte i Vangskyrkja.
- T1 Babysong. (42 born= 52 % av årskullet).
- T2 Krølletreff. (11 born= 16 % av årskullet).
- T3 Undretur. (21 born= 25 % av årskullet).
- T4 Utdeling av barnebibel. To gudstenester (45 born= 49 % av årskullet). I tillegg fekk 6 barn utdelt barnebibel utanom T4- gudstenestene.
- T5 Julekrubbeverkstad. (44 born= 54 % av årskullet)
- T6 Heilt førsteklasses. (26 born = 31 % av årskullet)
- T7 Påskefest. (9 born = 10 % av årskullet)
- T8 Tårnagentar. (39 born = 35 % av årskullet).
- T9 Pilegrimstur (25 born = 26 % av årskullet).
- T10 Kristuskransen (20 born = 19 % av årskullet).
- T11 Lys Vaken. (21 born = 20 % av årskullet).
- T12/T13 Movienight- «Narnia». (12 år: 11 ungdomar= 8%. 13 år: 21 ungdomar= 17%)
- T14 Du+ Gud= ☐. Intro til konfirmasjonstida. (95 ungdomar = 87 % av årskullet).
- T15 Konfirmasjon (120 ungdomar = 94 % av årskullet)
- T16 Milk (7 ungdomar = 6 % av årskullet).
- T16-18 Life skills (4 ungdomar. Dette vart i år eit pop-up-arrangement der ungdomane vart invitert til å sjå «Jesus Revolution» på kino)

Årskull = døypte born, medlemmer i kyrkja (ikkje alle born som er fødd i året).

T 15 er sjølve konfirmanttida og konfirmasjonen. 120 ungdomar vart konfirmert på seks gudstenester i mai.

I januar var me på helgetur til Helgatun. To helger med mykje kjekt program vart gjennomført. Det var veldig kjekt etter to år utan leir, grunna pandemien.

Leiarutvikling er viktig både for konfirmantarbeidet og for trusopplæringa. Våren 2023 avslutta me MiniLeiarKurs (MILK) med sju jenter. Hausten 2023 starta me opp nytt MILK-kurs med 10 jenter og ein gut. MILK er eit samarbeid mellom Voss KFUK-KFUM og Voss kyrkjelyd. I desember hadde me samling med ungdomane som skulle vere med på konfirmantleirane i januar. Det er veldig kjekt at me kan gjere slike ting igjen. Sidan heile kullet vert invitert rapporterer me MILK no som T16.

Kontinuerleg arbeid er viktig for at born og unge skal finna sin plass i kyrkjelyden.

MiniMidiSing er korarbeid for born frå 4-10 år. Det har vore 10 born med i løpet av året frå Voss sokn. I tillegg har 3 stk. frå Evanger og Bolstad sokn delteke. Koret held til i Vangskyrkja og er drive av ein tilsett i kyrkja.

For Ungdomar mellom 13 og 18 år er Refleks Ten Sing eit tiltak som kvar torsdag samlar kring 40 ungdomar i Vonheim. Ved utgangen av 2023 var det 53 aktive medlemmer i Refleks Ten Sing. Kateketen og ungdomspresten har ein naturleg plass inn i dette arbeidet.

Samarbeid med skule og barnehage er for tida stort sett konsentrert til samlingar i adventstida. I desember var det skulegudstenester med alle grunnskulane, til saman åtte gudstenester, og julevandringar med 15 barnehagegrupper.

Søndagsskule - Det har vore 3 samlingar med sundagsskule i 2023. Dette arbeidet vart teke opp att mot slutten av året. Til saman har 45 born delteke.

Supertysdag har vore eit populært tilbod. Me møtes i Vonheim ein tysdag i månaden. Familiane kjem til ferdig hamburgermiddag før det er opplegg både for dei vaksne og for borna. Me har felles avslutning. I snitt møtte 21 born, og 64 enkeltpersonar (born) var innom i løpet av året. Det var 10 samlingar i løpet av 2023. Det er også ei eiga konfirmantgruppe, supertysdagskonfirmantane, som hjelper til. Me fordeler supertysdagane i mellom dei.

Rønnaug Eng Skjeldal/Camilla Velsvik

Diakonitenesta

Diakon Sigrid Djukastein Mala i 50% stilling.

Anja Slåtten diakonimedarbeidar i 50% stilling.

Seniortreffet: Tysdag kl.12.00-14.30 i Vonheim. Tidspunktet er utvida med ½ time etter ynskje frå deltakarane og nemnda for å ha betre tid rundt måltidfellesskap og program. Det har vore 10 treff med ulikt kulturelt innhald. Programmet er elles mykje likt, med: allsong, ulike kulturelle tema, foredrag og andakt. Og måltidfellesskap rundt fint dekket bord og eit godt varmt måltid, kaffi og kake. Oftast heimelaga av nemnda. Kari Bye er vår faste pianist og vi har ei flott nemnd av frivillige som lagar til treffa kvar gong! Ein stor dugnadsinnsats og trufast gjeng å samarbeida med. Ei stor takk til dei alle! Diakonen har organisering og leiing av treffa. Seniortreffa ser ut til å vera ein god møteplass for mange og antal har auka til: 80-130 stk. pr gong.

Vi tilbyr skyss, og skysskarane har vore: Sigurd Langhaug, Arne Mossefinn, Kolbjørn Blikås, Knut Farestveit og Pål Erdal. Takk for at de stiller opp med bil! For nokon er skysstilbod avgjerande for å kunne delta.

Treffa er støtta av: Den kulturelle spaserstokken, Voss Sparebank, i tillegg til soknerådet.

Nemnda 2023: Inger Johanne Gullbrå, Bjørg Draugsvoll, Ingrid Hagebø, Brit Midttun, Bernt Daltveit og Bjørn Fareth, Inger Sigh Petersen, Cissel Norunn Erdal, Egil Lee, Sigrid D. Mala diakon. Etter kyrkjevalet kom Kjellfrid Skutlaberg med i nemnda som soknerådsrepresentant.

Allehelgensøndag/Helgemesse Sokneprest og diakon Sigrid frå kyrkja, invitera inn sørgande som gjennom siste året har mista nokon av sine, og minnest dei ved å lese opp namnet og kveike lys. Vakker musikk. Ein viktig dag for dei sørgjande, at vi som kyrkja bryr oss, òg når det er gått ei tid. God oppslutnad og gode tilbakemeldingar, vi ser det betyr mykje for dei som kjem. Musikken har ei stor betydning denne dagen og solist Hege Anita Tveito (song) var med saman med kantor Astrid Gjestvang på Voss. Takk til gode friviljuge som er med denne dagen: Sigrid Haug, Kolbjørn Blikås og Knut Farestveit.

Nytt i år: ope i Vonheim frå kl.13.00-16.00. der folk kunne koma innom for ei roleg stund, og moglegheit til å snakke med prest eller diakon. Ei enkel og fin stund, ein del kom innom frå gravbakken. I tillegg kjem sorgsamtalar og oppfølging av enkeltpersonar.

Diakoniutvalet har hatt to møte dette året, der alle sokna er representert med ein frå kvart sokneråd. Alle sokna har godt diakonalt arbeid. Alle sokn har no diakoniplanar.

Lokalt diakoniutval Voss, Ressursgruppe i diakoni. Utvalet består av frivillige: Sigrid Haug (soknerådsrepr.) Bernt Daltveit, Brit Furre, Egil Lee. Sigrid Djukastein Mala, diakon og Anja Slåtten diakonimedarbeider.

Lokalt diakoniutval på Voss, er ei nemnd og ein resurs som saman kan drøfte det diakonale behovet og arbeidet på Voss for slik best mogeleg kunne møte behovet i bygda og kyrkjelyden vår. Grappa har hatt eitt møte dette året.

Tenesta som diakon og diakonimedarbeidar er det mykje organisering, heimebesøk og samtalar, det har vore stor auke i oppfølging av menneske med alvorleg sjukdom og sorg, både yngre og eldre. Livet byr på mange utfordringar som: einsemd, sjukdom vanskelege livssituasjonar og sorg. Me ser det som svært viktig del i tenesta.

Diakonen er med i misjonsnemnda og deltek på ein del av samlingane til misjon/mosjon og misjon/motivasjon gjennom året. Gode møteplassar og inspirerande arbeid.

Sorggrupper Det har vore tilbod om sorggruppe i 2023, men for få påmeldte til å oppretthalde gruppetilbodet. Tilbodet har retta seg meir mot behovet for enkeltsamtalar. Hausten 2024 tilbyr me på nytt sorggrupper, då i Vangskyrkja. Der har me eit lite tema, og det er mogleg å tenne lys, sitte i stillheit, lytte til musikk, ha samtaler seg i mellom eller med ein av oss leiarar; Inger Sigh Petersen og Anja Slåtten. Varigheit: 1 time

Tilbodet er for alle uavhengig av tru, verdiar eller anna.

Institusjonsandaktar Det er andakt på institusjonane Vetleflaten og Voss sjukeheim, samt på Sosialbygget ein gong i månaden, stort sett ved soknepresten.

Ope kyrkje Vangskyrkja har ope måndags kveldar frå 18-19.00. Her er rom for ro, ettertanke og bøn. Ein kan komme og vere i kyrkja, oppleve rommet, kveika eit lys, kvile eller be. Kaffi og te. Der er tidebøn kl 18.00. Ein ynskjer at alle menneske med ulike behov kan komme inn og få ei god stund. Kveldane vert leia av Turid Fjose eller Anja Slåtten.

Bibelgruppe Det var etterspurt eit tilbod om Bibelgruppe i kyrkjelyden, og me har starta opp eit tilbod for yngre og eldre. Grappa for godt vaksne samlast i Prestegarden ca kvar 14 dag, frå 15.45 – 17.45. Me drikk kaffi/te og et litt saman først, og høyrer korleis kvar og ein har det. Så finn ein ut i fellesskap kva ein ynskjer å gå gjennom i Bibelen. Samlinga vert leia av diakonmedarbeidar Anja Slåtten. Den yngre grappa samlast heime hos sokneprest Hans-

Christian Küspert. Me ser at det er godt å lese i Bibelen saman, vere samla om trua, kvardagen og ha moglegheit for å vere til gjensidig glede, støtte og oppbygging.

Kyrkjekaffi Kyrkjelyden har ei eiga nemnd frivillige medarbeidarar som består av: Mari Gjukastein, Ragnhild Øiestad, Anne Karin Hellesøy, Bjørg-Kari Afdal, Ingrid Hagebø, Marit Helleve og Bente Kristiansen og Jenny Jordalen Haugo som er frå soknerådet. Nemnda arrangerer kyrkjekaffi ca. ein gong pr månad som ein har i Prestegarden eller Vonheim. Me ser at kyrkjekaffien er til stor glede for kyrkjelyden og er svært takksame for å ha denne nemnda. Leiar i nemnda er diakonmedarbeidar Anja Slåtten. Dei sundagane nemnda ikkje lagar til kyrkjekaffi er det enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja etter gudstenesta, laga til av klokkarane.

Grøn kyrkjelyd Kyrkjelyden har ei eige nemnd som arbeider for å engasjere kyrkjelyden til å verte meir miljøbevisste, samt gjere kjend ulike tiltak der alle kan gjere litt. Me takkar Cissel Norunn, Arne Mosefinn og Kari Bye for det arbeidet dei legg ned i dette, som blant anna er faste innlegg i Kyrkjenytt. Grøn kyrkjelyd arrangerte Skaparverkets dag som dei planla saman med sokneprest Hans-Christian Küspert. Det var ein svært vellukka dag der Grøn kyrkjelyd arrangerte grill med egg i potet og kjøttdeig i løk etter Gudstenesta. Dette blei ein flott aktivitet for store og små då dei sjølve fekk dele løk eller potet og skrape ut, samt fylle med det ein ville, og legge på stor grill. Flott arrangement og dag. Diakonmedarbeidar Anja Slåtten er bindeledd inn mot stab.

Samarbeid Det har også vore tettare samarbeid med andre organisasjonar dette året. Med Røde kors, Kirkens bymisjon, Frelsesarmen, Voss frivillighetssentral og Voss Herad.

1. delta og organisere open jolaftan feiring hjå frelesarmen. Dette året hadde Den norske kyrkja med diakonen ansvaret for gjennomføring og leia kvelden, saman med flotte frivillige.
2. Samarbeid inn mot flyktningesituasjonen og mottaka.
 - a. Det har vore, og vil fortsette med, innsamling av klede, sko og kosedyr/leiker på gudstenestene.
 - b. Soknerådet arr. Innsamling av jolegåver som dei var med å fekk dele ut 7 januar. Fint og sterkt møte.
 - c. Vi har hatt jamlege besøk på mottaka og utdeling av klær/leikar, aktivitetar for born, samtalar med vaksne, tilbod om Open kyrkje, alternativt at dei får disponere kyrkja og ha eige arrangement.
 - d. Vi har bestilt inn 100 ukrainske Biblar og tilbudd samling viss behov.
 - e. Hroar Espeland som er leiar i akuttmottaket organiserer arbeidet/tilbodene og gjer oss tilbakemelding om behov.

-Visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja: "Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste."

Sigrid Djukastein Mala, Diakon - Anja Slåtten, Diakonmedarbeider

Kyrkjemusikk

Året har vore prega av faste aktivitetar, med nokre ekstra konsertar og tilskipingar.

Kor Voss kantori er få, men trufaste, rundt 8 songarar i 2023. koret har vore forsongarar ved 5 gudstenester, arrangert Syng med-kveldar i kyrkja der ein kombinerer salmar med kjende og kjære songar frå gamle songbøker. Dei har òg vore forsongarar på jazzmesse under Vossajazz, folkemusikkmesse under Osafestivalen og på Me syng jola inn.

MiniMidiSing har hatt rundt 10 songarar, dei har deltatt på T4 familiegudsteneste, jolakonserten på Evanger i tillegg til det årlege jolespelet sitt i Vangskyrkja i adventstida.

Frivillige og innleigde musikarar Me er heldige å ha faste musikarar, både amatørar og profesjonelle, som stiller opp ved viktige høve som påske, konfirmasjon, minnegudsteneste og jol, i tillegg til at me tidvis får med oss ekstra tonefylgje på vanlege gudstenester innimellom. Ekstra gledeleg er det å ha med ungdomar som får meir erfaring, medan me får gode framføringar.

Institusjonsandaktar og songstunder Me har institusjonsandaktar om lag ein gong i månaden. Kantor deltek på Sosialbygget og har i tillegg songstund der etter andakten.

Konsertar Me har arrangert 3 eigne sommarkonsertar og 3 utleigekonsertar sommaren 2023 og konsert med Supergruppo i desember. Det var noko varierende besøk på konsertane, men Supergruppo har alltid eit stort og trufast publikum.

Eksterne aktørar har òg heldt konsertar. Det er ei god blanding av tilreisande kor, lokale lag og artistar med eit nasjonalt namn, som Edvard Grieg kor, Voss skulemusikk, Voss kulturskule og Trygve Skaug. Sparebankkonserten er òg tilbake etter pandemien. Spesielt før jul kan det bli opphoping av konsertar, så talet må avgrensast noko, lokale lag og musikarar blir prioriterte, samstundes som me ønskjer å tilby bygda gode konsertar med kjende artistar som passar inn i kyrkja. Både Vossajazz og Osafestivalen arrangerte eigne konsertar i kyrkja under festivalane.

Kantor Astrid Gjestvang

Kyrkjenytt

Redaksjonsnemnda (fram til 01.11.2023)

Olly Langehaug (Voss sokn)

Anne Marie Haugen (Granvin sokn)

Gunn Horvei (Evanger og Bolstad sokn)

Heidi Hisdal (Oppheim sokn)

Johnny Lemme (Raundalen sokn)

Margunn Mørkve (Vinje sokn)

Randi Kløve (redaktør)

Redaksjonsnemnda (frå og med til

01.11.2023)

Björg Helland (Voss sokn)

Jan Ivar Rødland (Granvin sokn)

Ellen Iren Johansen Århus (Evanger og Bolstad sokn)

Heidi Hisdal (Oppheim sokn)

Knut Skiple (Raundalen sokn)

Margunn Mørkve (Vinje sokn)

Ingrid Kløve-Graue (administrasjon)

Svein Tøsse (redaktør)

2023 var 82. årgang med Kyrkjenytt frå Vossabygdene.

Kyrkjenytt kom i 2023 ut med 6 nummer; 5 vanlege nummer og Jolekveld i Kyrkjelyden.

Redaksjonen har hatt redaksjonsmøte før dei fleste utgjevingar, og redaksjonsnemnda har bidrege med stoff frå sokna. Me fekk i tillegg stoff til bladet frå tilsette på Kyrkjekontoret og andre trufaste bidragsytarar.

Kyrkjenytt vert trykka hjå Molvik Grafisk AS i Bergen. Opplaget er på 7300. Bladet vert gjeve ut som fulldistribusjon, og vert difor lagt i alle postkasser i Voss herad. Me sender dessutan bladet til ca. 50 husstandar utanfor Voss, og bladet vert også levert på nokre institusjonar på Voss.

Innhaldet i Kyrkjenytt er variert, med artiklar og praktisk informasjon om ting som skal skje i sokna og hyggjelege reportasjar frå ulike arrangement. I kvart blad har me også med oversikt over gudstenester i alle sokna, dåpsbarn, giftarmål og dødsfall.

I 2023 hadde me giro med i to av blada slik at lesarar kan gje eit økonomisk bidrag til drift av Kyrkjenytt. Tal annonsørar har vore stabil.

I 2023 hadde Kyrkjenytt ei samla inntekt på 245 304,-, mens samla utgifter var på 553 400,-. Av dette utgjorde trykking og porto 380 209,-. Andre utgifter var m.a. honorar til redaktør og grafisk utforming av bladet. Driftsresultatet vart 308 096,- i minus. Dette var 82302,- høgare enn budsjettert. *For redaksjonen Svein Tøsse*

Klokkartenesta

Klokkarlaget i Vangskyrkja samarbeider med prest og kyrkjetenar om ei rekkje av dei tenestene som høyrer til i samband med gudstenesta: ønskja velkomen og hjelpa til rettes, tekstlesing, hjelpa til under dåp og nattverd og praktiske oppgåver før, under og etter gudstenesta. Klokkarane serverer enkel kyrkjekaffi bak i Raundalskyrkja. Me har til tider med konfirmantmedhjelparar som hjelper til med nokre av oppgåvene.

Det er eit gjevande arbeid å vera med i klokkarlaget.

Me har dette året vore åtte til ti medlemmer i klokkarlaget. Me vil gjerne vera to klokkarar på kvar gudsteneste, så me skulle gjerne ha hatt fleire klokkarar.

Dei som var med i laget i 2023 er:

Kolbjørn Blikås, Bjørg Draugsvoll, Turid Fjose, Brit Furre, Iril Schau Johannesen, Arne Mosefinn, Torill M. Ringheim, Norunn Rong, Eva Skeie, Signy Tunes. Britt Hernes har hatt permisjon i 2023

Torill M. Ringheim fungerer som koordinator for tenesta.

Torill M. Ringheim

Voss Kyrkjeakademi

Norske Kyrkjeakademi er eit forum for tru, kultur og samfunn, starta i 1956. Formålet er å bidra til møteplassar, dialog og samtale mellom menneske frå ulik kulturbakgrunn. Voss Kyrkjeakademi vart skipa i 1997, og er eitt av over 70 lokale akademi omkring i landet. Me har samarbeid med KFUK/M, Folkeakademiet, og Voss kulturråd. Og felles arrangement med andre organisasjonar ettersom det høver.

26.januar hadde me planlagt eit program med forteljar, fiolinist og fotograf Christian Stejskal. Det var eit multimedia opplegg om «Markusevangeliet» som skulle framførast i Voss Kyrkje. Administrasjonen i kyrkja hadde vanskar med å få til alt det tekniske som vart sett krav til, og me måtte avlysa dette arrangementet.

17. – 19. mars Norske Kyrkjeakademi sitt årsmøte og seminar på Gran. Kari var på veg dit, men toget kom ikkje over fjellet, så ho deltok digitalt heimefrå.

29. mars hadde me samarbeid med Voss Senioruniversitet. Forlagsredaktør og forfattar Trygve Riiser Gundersen: «Hans Nilsen Hauge: Statsfiende eller nasjonalhelgen» i Vossasalen på Park Hotel Vossevangen. Gundersen har i ei årrekke arbeidd med saga om Haugianismen og kulturhistoria frå 1700 til tidleg 1800, og fekk Brageprisen for ei av bøkene sine i 2022.

21. mai Vossakyrkjemessa var lenge eit årleg arrangement som Voss kyrkje gjerne ville få i gang att. Voss Kyrkjeakademi støtta opp om å få dette til. Det vart ei gudsteneste og program etterpå, med historikar Torgeir Landro og forteljar Astri Sudmann, om Heilag Olav si kristningsferd til Voss i 1023. Voss Kyrkje vart innvigd 26. mai 1277, og ein ser fram mot Vossakyrkjemessa med 750-årsfeiring i 2027.

Voss Kyrkjeakademi har ingen medlemskap. Det vert drifta av ei styringsgruppe som supplerer, fornyar, og organiserer seg sjølv. Me har hatt 5 møte i 2023. Me hadde ikkje nokon arrangement i haustsemesteret.

Styringsgruppa siste året har vore: Kari Bye: leiar, Bernt Daltveit: kasserar, Torill Ringheim, Svanhild Prestegard, Olav Dahlberg

Gudstenestelivet

Gudstenestelivet i Vangskyrkja har i 2023 har halde fram i si vante rytme. Annakvar sundag er det dåp, og annakvar sundag er det nattverd. Det er familiegudsteneste nesten ein gong i månaden. Slik er det i alle fall i teorien. I og med at vi har så mange spesielle gudstenester i forbindelse med høgtider, festivalar, allehelgensdag, konfirmantdeltaking og meir, så vert det sjeldan like gudstenester likevel.

Statistikken for 2023 er gledeleg lesing, der dei fleste pilar peiker oppover (sjå tabell under). No er vi på mange parameter tilbake på same nivå som før pandemien. Særleg dåpstalet er svært høgt, noko som med sikkerheit skyldast høgare fødselstal, men kanskje også gode opplevingar i kyrkja, og at vi prøvar å gje eit godt tilbod med moglegheit for dåp ofte tre av fire sundagar i månaden, to gongar i hovedgudstenesta, og ein gong som dåpsgudsteneste.

Vi har og jobba mykje med familiegudstenestene våre. Liturgien som så smått vart innført i 2022 har vi blitt godt kjent med i løpet av året, og fungerer godt. Det er ofte fleire aktørar i aksjon desse gudstenestene, der ofte Vetle og Hans-Christian samarbeider, eller prest har med seg nokon frå trusopplæringa. Kantor/organist får også ofte fylgje av fleire musikarar.

I det heile tatt er det mykje godt som skjer i gudstenestearbeidet. At Vetle vart ferdig med studiane og vart vigsla i juni har gitt oss noko meir moglegheit til å samarbeide om særlege gudstenester for barn og ungdom.

Nokre tal frå statistikken

| Voss sokn | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Alle gudstenester | 84 | 99 | 107 | 86 | 99 |
| Deltakarar alle gudstenester | 12252 | 4821 | 5063 | 9076 | 12324 |
| Nattverdsgudstenester | 36 | 12 | 40 | 37 | 33 |
| Nattverdsgjester | 1888 | 445 | 1135 | 1482 | 1694 |
| Døyppte | 79 | 87 | 87 | 97 | 118 |
| Konfirmerte | 124 | 127 | 102 | 104 | 120 |

Hans-Christian Küspert, sokneprest

Utdrag frå rekneskapen for 2022

Dessverre har vi ikkje fått årsregnskapet i tide frå regnskapsbyrået vårt Aider i tide til årsmøte tross lovnadar. Her kjem likevel nokre nøkkeltal:

Vi hadde **inntekter** på 899 487 kr., 486 512 kr i tilskot og gåver, mesteparten frå ofringar, 295 650 kr. frå eigenbetaling, som seniortreff og konfirmantavgift og 88 289 kr. i refusjonar.

Utgiftene var på 876 472 kr. der nær 200 000 kr. var gåver til andre organisasjonar. Over 200 000 kr. blei brukt på leige av Helgatun til konfirmantleirane, og var med god margin den største enkeltutgifta.

Totalt gjekk soknerådet med eit lite overskot på 23 015 kr. i 2023, noko som viser at det drives fornuftig, der vi ikkje prøver å spara pengar, men heller ikkje bruker uvettig.

Sluttord

Arbeidet i Voss sokn er stort og omfattande, og vi kan bli overvelda av tal og ord, og alle dei fine aktivitetane og planane vi har. Men vi har ikkje planar for å ha dei, eller aktivitetar for å gjennomføre forordningar. Vi er her for å forkynne ordet om frelse, og for å spre Jesu kjærleik til menneska på Voss.

For å greie det treng vi at folk kjem saman i kyrkja, i Vonheim, og der me eller er, og vi treng alle dei gode frivillige som stiller opp. Heldigvis er det mange som også i 2023 ønskjer evangeliet om Jesu kjærleik, og mange gode hender og føter som vil leva det ut. Det gjev motivasjon og glede, og vom for framtida. Takk for at du er med!

Så finst det no inga fordømming for dei som er i Kristus Jesus.

Romarbrevet 8, 1